



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

12.10.2022

Vår ref:

2022/13439

Dykkar dato:

04.10.2022

Dykkar ref:

2022/6571

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgnen, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 106/12 - Fanebust

Vi viser til høying på søknad om bygging av landbruksveg klasse 8 på gnr. 106 bnr. 12 i Alver kommune. Vegen er planlagd med om lag 200 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gje tilgang til totalt 30 dekar, som utgjer produktiv skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 70 prosent skogbruk, 20 prosent jordbruk og 10 prosent som tilkomst til privat/kommunal vassleidning, totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1*, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Vi har også vurdert landbruksinteresser. Vi har ingen merknader til dette veganleggjet.

Med helsing

Martin Søgnen
rådgjevar